



Saksframlegg

Utv.saknr	Utvalg	Møtedato
33/14	Vilt- og fiskenemnd	11.11.2014
17/14	Rådet for eldre og funksjonshemma	17.11.2014
22/14	Arbeidsmiljøutvalet	25.11.2014
70/14	Plan- miljø og ressursutvalet	25.11.2014
64/14	Formannskapet	26.11.2014
22/14	Kultur og oppvekst	02.12.2014
	Kommunestyret	10.12.2014

Budsjett 2015/Økonomiplan 2015 - 2018

Rådmannen si innstilling:

1. Framlegg til innstilling – årsbudsjett 2015

Framlegg til årsbudsjett for Bygland kommune for 2015, med tilhøyrande føresetnader vert å fastsette som Bygland kommune sitt årsbudsjett for 2015.

Skattesatsar/ marginavsetning:

Skatten for 2015 på formue og inntekt vert å fastsette til dei maksimalsatsar som Stortinget vedtek.

For eigedomsskatteåret 2015 skal det skrivast eigedomsskatt på verk og bruk jf. Eigedomsskattelova § 3 1. ledd bokstav c. Eigedomsskatten vert å fastsette til 7 o/oo.

Kommunale avgifter og betalingssatsar:

For 2015 vert det følgjande endringar av kommunale avgifter og betalingssatsar:

- Årsavgift for vatn (fast og kubikkavg.)..... vert auka med 10 %
- Årsavgift for kloakk (fast og kubikkavg.).... vert auka med 5 %
- Slamavgift.....vert ikkje auka
- Tilkoplingsavgift for vatn.....vert auka med 10 %
- Tilkoplingsavgift for kloakk.....vert auka med 5 %
- Renovasjonsavgift hus.....vert auka med 15 %
- Renovasjonsavgift hytte.....vert auka med 15 %
- Feieavgift.....vert auka med 17,5 %

Andre betalingssatsar aukar i samsvar med framlegg til Gebyrregulativ 2015.

Låneopptak:

Det vert ikkje teke opp ordinære lån til investeringar i 2015. Kommunen har ubruka lånemidlar frå 2014 rekneskapet. Det vert søkt om å ta opp eit startlån på kr 1.500.000,-.

Andre forhold:

1. Rådmannen får fullmakt til å fordele løyving til følgjande føremål ut på den einkilde resultateining:
 - Løyving til lønsauke og auka pensjonsutgifter.
 - Løyving til opplærings- og utviklingstiltak samt velferdsmidlar.
2. Rådmannen får fullmakt til naudsynnte tiltak for å gjennomføre vedtaket om minsteavdrag.
3. Det vert sett ned ei partsamansett gruppe (styringsgruppe) for nedskjeringsprosessen. Medlemmene i gruppa er:
 - Rådmannen.
 - Dei to tenesteleiarane med flest tilsette
 - HVO (hovudverneombodet)
 - To tillitsvalte (dei tillitsvalte vel sjølve kven dette skal vere).Rådmannen kan i tillegg kalle inn personar frå staben etter behov.

Generelt:

Kommunestyret vil presisere at budsjettet er bindande. For den einkilde resultateining gjeld reglane om delegert budsjettmynde innafor netto driftsramme. Ut over dette viser ein til kommunen sitt økonomireglement.

I budsjettet er det teke atterhald om storleiken på auken i utgiftene til IKS og A/S der kommunen er deltakar. Dette skal samordnast på rådmannsnivå og i regionrådet før endeleg løyving vert fastsett.

2. Framlegg til innstilling – økonomiplan 2015 – 2018

1. Økonomiplan for perioden 2015 - 2018 vert å vedta i samsvar med rådmannen sitt framlegg.
2. Driftsrammer og investeringsrammer i økonomiplanen for perioden 2015 - 2018 vert lagt til grunn for planlegginga av den kommunale drifta.
3. Enkelt saker med økonomiske konsekvensar som kjem opp i løpet av året, skal som hovudregel ikkje handsamast som enkelt saker, men skal handsamast i samband med økonomiplan/ budsjett.

Saksprotokoll i Vilt- og fiskenemnd - 11.11.2014

Handsaming:

Fellesframlegg:

Skotpremie på mårhund er allereie løyvd av eksterne midlar. Det er eit ynskje frå Vilt- og fiskenemnda å oppretthalde skotpremie på rev, mink og gaupe og at tilleggsløyving på kr. 20.000,- vert oppretthalde.

Vilt- og fiskenemnda sluttar seg samrøystes til rådmannen si innstilling og fellesframlegget.

Tilråding til formannskap/kommunestyre:

1. Framlegg til innstilling – årsbudsjett 2015

Framlegg til årsbudsjett for Bygland kommune for 2015, med tilhøyrande føresetnader vert å fastsette som Bygland kommune sitt årsbudsjett for 2015.

Skattesatsar/ marginavsetning:

Skatten for 2015 på formue og inntekt vert å fastsette til dei maksimalsatsar som Stortinget vedtek.

For eigedomsskatteåret 2015 skal det skrivast eigedomsskatt på verk og bruk jf. Eigedomsskattelova § 3 1. ledd bokstav c. Eigedomsskatten vert å fastsette til 7 o/oo.

Kommunale avgifter og betalingssatsar:

For 2015 vert det følgjande endringar av kommunale avgifter og betalingssatsar:

- Årsavgift for vatn (fast og kubikkavg.)..... vert auka med 10 %
- Årsavgift for kloakk (fast og kubikkavg.).... vert auka med 5 %
- Slamavgift.....vert ikkje auka
- Tilkoplingsavgift for vatn.....vert auka med 10 %
- Tilkoplingsavgift for kloakk.....vert auka med 5 %
- Renovasjonsavgift hus.....vert auka med 15 %
- Renovasjonsavgift hytte.....vert auka med 15 %
- Feieavgift.....vert auka med 17,5 %

Andre betalingssatsar aukar i samsvar med framlegg til Gebyrregulativ 2015.

Låneopptak:

Det vert ikkje teke opp ordinære lån til investeringar i 2015. Kommunen har ubruka lånemidlar frå 2014 rekneskapet. Det vert søkt om å ta opp eit startlån på kr 1.500.000,-.

Andre forhold:

1. Rådmannen får fullmakt til å fordele løyving til følgjande føremål ut på den einkilde resultateining:
 - Løyving til lønsauke og auka pensjonsutgifter.
 - Løyving til opplærings- og utviklingstiltak samt velferdsmidlar.
2. Rådmannen får fullmakt til naudsynte tiltak for å gjennomføre vedtaket om minsteavdrag.
3. Det vert sett ned ei partsamansett gruppe (styringsgruppe) for nedskjeringsprosessen. Medlemmene i gruppa er:
 - Rådmannen.

- Dei to tenesteleiarane med flest tilsette
- HVO (hovudverneombodet)
- To tillitsvalte (dei tillitsvalte vel sjølve kven dette skal vere).

Rådmannen kan i tillegg kalle inn personar frå staben etter behov.

Generelt:

Kommunestyret vil presisere at budsjettet er bindande. For den einskilde resultateining gjeld reglane om delegert budsjettmynde innafor netto driftsramme. Ut over dette viser ein til kommunen sitt økonomireglement.

I budsjettet er det teke atterhald om storleiken på auken i utgiftene til IKS og A/S der kommunen er deltakar. Dette skal samordnast på rådmannsnivå og i regionrådet før endeleg løyving vert fastsett.

Skotpremie på mårhund er allereie løyvd av eksterne midlar. Det er eit ynskje frå Vilt- og fiskenemnda å oppretthalde skotpremie på rev, mink og gaupe og at tilleggsløyving på kr. 20.000,- vert oppretthalde.

2. Framlegg til innstilling – økonomiplan 2015 – 2018

1. Økonomiplan for perioden 2015 - 2018 vert å vedta i samsvar med rådmannen sitt framlegg.
2. Driftsrammer og investeringsrammer i økonomiplanen for perioden 2015 - 2018 vert lagt til grunn for planlegginga av den kommunale drifta.
3. Enkelt saker med økonomiske konsekvensar som kjem opp i løpet av året, skal som hovudregel ikkje handsamast som enkelt saker, men skal handsamast i samband med økonomiplan/ budsjett.

Saksprotokoll i Rådet for eldre og funksjonshemma - 17.11.2014

Handsaming:

Felles uttale:

Rådet for eldre og funksjonshemma tek rådmannen si innstilling til orientering.

Saksprotokoll i Arbeidsmiljøutvalet - 25.11.2014

Handsaming:

Rådmannen orienterte om budsjettet.

AMU vedtok samrøystes å kome med fylgjande uttale:

Saka vert tatt til orientering

Uttale:

Saka vert tatt til orientering

Saksprotokoll i Plan- miljø og ressursutvalet - 25.11.2014

Handsaming:

Plan-, miljø- og ressursutvalet tek saka til orientering.

Saksprotokoll i Formannskapet - 26.11.2014

Handsaming:

Vedk. kommunestyresaker om avløpsprosjekt, kultur-/næringsbygg og idrettshall. Ordførar har vore i kontakt med Fylkesmannen i Aust-Agder i høve habiliteten til Olav Neset, Vidar Frøysnes og ordførar ved handsaming av budsjett.

Konklusjon: Medlemmene er gilde i handsaminga av budsjett under føresetnad av at sakene nemnde ovafor er handsama som enkeltsaker før budsjettsaka.

Merknad frå ordførar: Om det blir positive kommunestyrevedtak i sakene om kultur-/næringsbygg og idrettshall, må rådmannen ha klar ein økonomiplan med rette tal.

Endringsframlegg frå ordførar under «Andre forhold» pkt. 1.3: Nedskjeringsprosessen

3. Administrasjonsutvalet blir styringsgruppe.

Det vert sett ned ei prosjektgruppe (partsamansett gruppe) for nedskjeringsprosessen.

Medlemmene i gruppa er:

- Rådmannen.
- Dei to tenesteleiarane med flest tilsette
- HVO (hovudverneombodet)
- To tillitsvalte (dei tillitsvalte vel sjølve kven dette skal vere).

Rådmannen kan i tillegg kalle inn personar frå staben etter behov.

Røysting: Samrøystes

Framlegg frå ordførar: Toalettanlegg i Dalebukta blir teken ut, og ein bed rådmannen utgreie toalettanlegg ved Reiårsfossen i tråd med tidlegare arbeid.

Røysting: Samrøystes

Framlegg frå ordførar: Bygland kommune skal vere ein pådrivar i forhold til å auke interkommunalt samarbeid med sikte på effektivisering av kommunale oppgåver.

Røysting: Samrøystes

Fellesframlegg frå Formannskapet:

- Det er eit mål for kuttprosessen at gjennomgangen av kommunal drift er så fullstendig som råd og at alle tiltak og verkemiddel vert vurdert.
- Budsjett 2016 skal vere i balanse utan bruk av fond.

Røysting: Samrøystes

Fellesframlegg frå Formannskapet: Det vert sett av kr 10 000 til Skotpremie. Inndekking: Auka bruk av fond.

Røysting: Samrøystes

Fellesframlegg frå Formannskapet: Det vert sett av kr 20 000 til felles 17. mai-feiring. Inndekking: Auka bruk av fond.

Røysting: Samrøystes.

Framlegg frå ordførar:

Det skal byggjast idrettshall ved Bygland oppvekstsenter slik prosjektet er lagt fram i budsjettdokumentet. Dette prosjektet gjev trong for auka låneopptak på 22 300 000.- i 2015 og auka kostnader i økonomiplanen. Auka kapitalutgifter på 1 300 000 år 2015 – 2017 og på 677 500 frå og med 2018, samt driftskostnader på 700 000.-, truleg frå 2016 vert innarbeidd i budsjett og økonomiplan.

Enkelt sak om prosjektet vert fremma til budsjettmøtet 10.12.14.

Framlegg frå Bygland bygdeliste:

Bygland kommune arbeider vidare med å detaljplanlegge og kostnadsrekne alternativ 1A med nytt fleirbrukshus mot vest, evt. som ombygging av dagens gymsal til fleirbrukshus.

I investeringa vil bli innarbeidd i økonomiplanen for 2015 – 2018 når det vert mogeleg å finne økonomisk handlingsrom for å dekke inn kostnadane til investeringa (rente/avdrag) og årlege driftsutgifter.

Røysting over framlegga: Ordførar sitt framlegg fekk 3 røyster og blei vedteke.

Framlegg frå ordførar:

Det er trong til å arbeide meir med kultur/næring. Kostnadar knytt til riving eller bruk av gamle gymsal må utgreiast. Det same gjeld kostnadar ved endring av uteområde ved Prestneset og ved istandsetting av Prestegardsløa.

- Kultur/næringsgruppa arbeider vidare mot dette med frist fram til juni 2015.
- Enkelt sak om prosjektet vert fremma til budsjettmøte 10.12.14

Vidar Frøysnes melder seg ugild i drøftingane som gjeld dette punktet.

Røysting over framlegget: Framlegget fekk 2 røyster og blei vedteke (med bruk av ordførar si «dobbeltrøyst»).

Røysting over samla årsbudsjett 2015 og økonomiplan 2015 – 2018.
Samrøystes

Innstilling:

1. Framlegg til innstilling – årsbudsjett 2015

Framlegg til årsbudsjett for Bygland kommune for 2015, med tilhøyrande føresetnader vert å fastsette som Bygland kommune sitt årsbudsjett for 2015.

Skattesatsar/ marginavsetning:

Skatten for 2015 på formue og inntekt vert å fastsette til dei maksimalsatsar som Stortinget vedtek.

For eigedomsskatteåret 2015 skal det skrivast eigedomsskatt på verk og bruk jf. Eigedomsskattelova § 3 1. ledd bokstav c. Eigedomsskatten vert å fastsette til 7 o/oo.

Kommunale avgifter og betalingsatsar:

For 2015 vert det følgjande endringar av kommunale avgifter og betalingsatsar:

- Årsavgift for vatn (fast og kubikkavg.)..... vert auka med 10 %
- Årsavgift for kloakk (fast og kubikkavg.).... vert auka med 5 %
- Slamavgift.....vert ikkje auka
- Tilkoplingsavgift for vatn.....vert auka med 10 %
- Tilkoplingsavgift for kloakk.....vert auka med 5 %
- Renovasjonsavgift hus.....vert auka med 15 %
- Renovasjonsavgift hytte.....vert auka med 15 %
- Feieavgift.....vert auka med 17,5 %

Andre betalingsatsar aukar i samsvar med framlegg til Gebyrregulativ 2015.

Låneopptak:

Det vert ikkje teke opp ordinære lån til investeringar i 2015. Kommunen har ubruka lånemidlar frå 2014 rekneskapet. Det vert søkt om å ta opp eit startlån på kr 1.500.000,-.

Andre forhold:

1. Rådmannen får fullmakt til å fordele løyving til følgjande føremål ut på den einskilde resultatdeling:
 - Løyving til lønsauke og auka pensjonsutgifter.
 - Løyving til opplærings- og utviklingstiltak samt velferdsmidlar.
2. Rådmannen får fullmakt til naudsynte tiltak for å gjennomføre vedtaket om minsteavdrag.
3. Administrasjonsutvalet blir styringsgruppe.
Det vert sett ned ei prosjektgruppe (partsamansett gruppe) for nedskjeringsprosessen.
Medlemmene i gruppa er:
 - Rådmannen.
 - Dei to tenesteleiarane med flest tilsette
 - HVO (hovudverneombodet)
 - To tillitsvalte (dei tillitsvalte vel sjølve kven dette skal vere).Rådmannen kan i tillegg kalle inn personar frå staben etter behov.

- Toalettanlegg i Dalebukta blir teken ut, og ein bed rådmannen utgreie toalettanlegg ved Reiårsfossen i tråd med tidlegare arbeid.
- Bygland kommune skal vere ein pådrivar i forhold til å auke interkommunalt samarbeid med sikte på effektivisering av kommunale oppgåver.
- Det er eit mål for kuttprosessen at gjennomgangen av kommunal drift er så fullstendig som råd og at alle tiltak og verkemiddel vert vurdert.
- Budsjett 2016 skal vere i balanse utan bruk av fond.
- Det vert sett av kr 10 000 til Skotpremie. Inndekking: auka bruk av fond.
- Det vert sett av kr 20 000 til felles 17. mai-feiring. Inndekking: auka bruk av fond.

Det skal byggjast idrettshall ved Bygland oppvekstsenter slik prosjektet er lagt fram i budsjettokumentet. Dette prosjektet gjev trong for auka låneopptak på 22 300 000.- i 2015 og auka kostnader i økonomiplanen. Auka kapitalutgifter på 1 300 000 år 2015 – 2017 og på 677 500 frå og med 2018, samt driftskostnader på 700 000.-, truleg frå 2016 vert innarbeidd i budsjett og økonomiplan.

Enkelt sak om prosjektet vert fremma til budsjettmøtet 10.12.14.

Det er trong til å arbeide meir med kultur/næring. Kostnadar knytt til riving eller bruk av gamle gymsal må utgreiast. Det same gjeld kostnadar ved endring av uteområde ved Prestneset og ved istandsetting av Prestegardsløa.

- Kultur/næringsgruppa arbeider vidare mot dette med frist fram til juni 2015.
- Enkelt sak om prosjektet vert fremma til budsjettmøte 10.12.14

Generelt:

Kommunestyret vil presisere at budsjettet er bindande. For den einskilde resultateining gjeld reglane om delegert budsjettmynde innafor netto driftsramme. Ut over dette viser ein til kommunen sitt økonomireglement.

I budsjettet er det teke atterhald om storleiken på auken i utgiftene til IKS og A/S der kommunen er deltakar. Dette skal samordnast på rådmannsnivå og i regionrådet før endeleg løyving vert fastsett.

2. Framlegg til innstilling – økonomiplan 2015 – 2018

1. Økonomiplan for perioden 2015 - 2018 vert å vedta i samsvar med rådmannen sitt framlegg.
2. Driftsrammer og investeringsrammer i økonomiplanen for perioden 2015 - 2018 vert lagt til grunn for planlegginga av den kommunale drifta.

3. Enkelt saker med økonomiske konsekvensar som kjem opp i løpet av året, skal som hovudregel ikkje handsamast som enkelt saker, men skal handsamast i samband med økonomiplan/ budsjett.

SAKSUTGREIING

Samandrag/ konklusjon

Ein viser til vedlagde budsjett/økonomiplan-dokument.

Bygland, 27.11.2014

Rådmann

Vedlegg:

Budsjett 2015/økonomiplan 2015 – 2018

Budsjett for kontroll og tilsyn 2015

Budsjettbehov 2015, Den norske kyrkja, Bygland

Framlegg til gebyrregulativ